

Sakshandsamar:

Idar Sagen

E-post: idar.sagen@sfj.no

Tlf.: 57 88 47 54

Vår ref.

Sak nr.: 13/5710-5

Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

Internt l.nr.


29220/13

Dykkar ref.**Dato**

LEIKANGER, 06.09.2013

Vedlegg til sak:**Høyringsuttale til søknader om løyve til å bygge fire småkraftverk i Luster kommune****Saksutgreiing for søknad om løyve for bygging av Ugulsvik kraftverk i Luster kommune****1. Omtale av tiltaket.**

Vikaelvi renn ut i Veitstrondsvantet på østsida, om lag fem kilometer nord for utløpet til Hafslovatnet. Kraftverket er tenkt plassert ved fylkesvegen. Ei 22 kV kraftlinje passerer her. Denne linja er planlagt oppgradert til 66 kV. Garden Ugulsvik vert ikkje lenger driven som gardsbruk, men vert brukt som fritidseigedom. Det er nokre hytter i Viki. Oppover Ugledalen går det tursti.



Planlagt inntak (blå prikk), nedgravd rørgate (stipla raud), rør i dagen (svart strek), anleggsveg (gul strek). Kraftstasjon (raud firkant). Blågrøn strek ved vatnet er eksisterande veg til hytte.

Hovuddata for Ugulsvik kraftverk

Tilsig	
Nedbørsfelt , km ²	4,7
Middelvassføring ved inntaket, m ³ /sek	0,29
Alminneleg lågvassføring ved inntaket, liter/sek	25
Fem-persentil* sommar (mai-sept.), liter/sek	110
Fem-persentil* vinter, liter/sek	20
Kraftverk	
Inntak, kote	830
Avløp, kote	176
Brutto fallhøgde, meter	654
Slukeevne, maks m ³ /sek	0,58
Slukeevne, min m ³ /sek	0,03
Installert effekt, maks MW	3,1
Planlagt slepp av minstevassføring, sommar/vinter l/sek	25
Brukstid, timar	3200
Produksjon	
Årleg middel, GWh	9,9
Økonomi	
Utbyggingskostnad, mill. kr.	34,8
Utbyggingspris, kr/kWh	3,52

* Den vassføringa som blir underskriden 5 % av tida.

Inntaksdam er planlagt i betong, høgde 3 meter, lengde 20 meter. Vassvegen er planlagt som nedgrav rør langs nordsida til elva mellom inntaket og kote 530 og frå kote 405 og ned til kraftstasjonen på kote 176. Mellom kote 530 og 405 er det planlagt rør i dagen festa i betong-element. Kraftstasjonsbygget vil få ei grunnflate på 70-80 m². Inntaket og øvre delen av rørgata er tenkt bygt ved hjelp av helikopter. Den nedre delen av rørgata er tenkt bygt ved hjelp av ein 1700 meter lang anleggsveg. Vegen skal tildekkast med jord etter utbygging. Omlag 70 meter ny 22 kV linje må byggast fram til eksisterande linje.

2. Verknader for miljø, naturressursar og samfunn (frå søknaden)

Hydrologi

På årsbasis vil 73 % av vassmengda i elva bli brukt til kraftproduksjon. 27 % vil passere inntaket som vassføring over maks slukeevne, minstevassføring (25 liter/sek heile året) eller når kraftverket står ved for låg vassføring.

Vasstemperatur, isforhold og lokalklima. Grunnvatn, flaum og erosjon

Det er venta små negative konsekvensar etter utbygging.

Biologisk mangfald og verninteresser.

Det er venta små til middels negative konsekvensar.

Fisk og ferskvassbiologi, sitat:

.... Det er berre i utløpsosen at det står fisk (pers.medd. Johannes Ugulsvik). Kraftstasjonen er planlagt plassert like oppstrøms brua og frå her vil vatnet renne som normalt. Forholda ved utløpet vert dermed ikkje påverka. Totalkonsekvensen for fisk og ferskvassbiologi som følgje av dette prosjektet er vurdert som lite negativt (-).

Landskap, sitat:

Vassdraget Vikaelvi (kalla Ugulsvik) er spesifikt omtala i same miljørapport frå Aurland Naturverkstad. Det er trekt fram at elva har god visuell tilgjengelegheit, at ho er sær synleg og framtrudande og at elva er eit sterkt landskapselement. Elva er einaste markerte fossestryket i landskapsrommet og gjev variasjon i vegetasjonsbilete og

terrengformasjonane. Rapporten til Aurland Naturverkstad konkluderar med at det samla konfliktpotensialet basert på landskap, naturmiljø og kulturmiljø er stort. (Clemetsen M.& Skjerdal I.B. 2006 A).

Elva er synleg frå fylkesveg 337 til Veitastrond etter å ha passert garden Uguslvik frå sør. Frå nord er elva mindre synleg frå vegen. Det er ikkje fast busetnad i området. I Vika er det eit par hytter og elva er og synleg frå høgdegarden Yngsdal (fråflytta). For å kome til stolsområda over Ugledalen med blant anna Hongi, er det vanlegast å gå frå stolsvegen ved Fossen. Det er berre fallrettshavar som har stolsbusetnad på stølen Ugledalen. Øvre del av tiltaksområdet er planlagt veglaust. I byggeperioden og i næraste tida etter vil røyrgata verte synleg, men dette vil vere relativt midlertidig og kan avbøtast med såing/planting. Verknaden av inngrepet vil dermed reduserast gradvist. I nedre del av tiltaksområdet er påverka av eksisterande fritidsbusetnad, kraftlinje og veger og her er det planlagt etablert anleggsveg.

.....

Prosjektet er planlagt med slepping av minstevassføring gjennom heile året.

Konsekvensen for landskapet som følgje av dette prosjektet er vurdert som middels/stort.



Oversiktsbilde. Vikaelvi. Hytter/hus. Fylkesvegen.

Kulturminne, sitat.

I området rundt Veitastrondsvatnet er det ikkje registrert automatisk freda kulturminne. Dei som er nærmast prosjektet ligg ved stolarne på Hafslofjellet (Vetlestølen) kring 6 km i luftlinje frå planlagt kraftstasjon (sjå figur 5). I delområde "Veitastrondsvatnet, nedre" er det ikkje gjort registreringar og ingen av freda kulturminna vert påverka av prosjektet. Restar etter eit kvernanlegg ligg i samband med elva ved kote 200, men vert ikkje påverka av prosjektet. I nærleiken er ein eldre kraftstasjon frå 1944 teke vare på. Berre sjølve stasjonen står att (pers.medd. Johannes Uguslvik).

Det er registrert ein del stolar i området med Ugledalen som det næraste. Dei andre stolarne i området ligg over prosjektområdet og med tilkomst frå stolsvegen til Fossen. Det går sti opp til Ugledalen. Her er eit stolsbusetnad (tilhøyrande fallrettshavar) og ei tuft. Røyrgatetraseen vil krysse og gå langs stien opp til Ugledalen fram til elvekryssinga. Her skal det gro att ved naturleg revegetering og/eller såing/planting. Over dette vert ikkje stien påverka.

Totalkonsekvensen for kulturminne som følgje av dette prosjektet er vurdert som lite

negativt (-).

Brukarinteresser:

Langs Vikaelva ligg stølen Ugledalen med tursti frå Vika. Turstien går vidare opp mot stølen Hongi og fjellområda over inntaksområdet. Stien startar på nordsida, men kryssar elva under det bratte partiet. Stien er god, men bruken er noko avgrensa. I øvre del ligg røyrsgata på nordsida og har ikkje innsyn frå stien. Turar i fjellområda og stolar som Hongi vert i hovudsak starta frå vegen som går opp til Hafsløstølane i sør (Bersetno, Håvardsete og Fossen) og frå skitrekket på Heggmyrane. Det er ingen DNT-merka ruter i området.

Fiske er lite utbreidd. Det vert jakta hjort i området og det er i hovudsak grunneigarane sjølve som jaktar. Ovanfor tiltaksområdet vert det og drive småviltjakt.

Under byggefasen vil det vere støy og auka trafikk i området. Arbeidet i den nedre delen av tiltaksområdet vil påverke fritidseigedomane, mens den øvre delen skjer meir skjerma. I driftsfasen vil ikkje anlegget ha nemneverdig konsekvensar for andre brukarinteresser sin bruk av området.

Konsekvensen av prosjektet er vurdert som lite negativt (-) for brukarinteresser

Samfunnsmessige verknader

Sysselsettingseffekt i anleggsperioden av ein utbyggingskostnad på kr. 35 mill. Inntekter til kommunen (eigedomsskatt) og til grunneigarane. Utbyggingsprisen er berekna til 3,52 kr/kWh som er middles høg.

Sumverknader/samla belastning.

Ikkje vurdert i søknaden.

Avbøtande tiltak

Berekna produksjon utan minstevassføring er 11,2 GWh. Med slepp av minstevassføring tilsv. alminneleg lågvassføring heile året, 25 liter/sek, vert produksjonen redusert til 9,9 GWh. Med slepp av minstevassføring lik 5-persentil, sommar 110 l/sek og vinter 20 l/sek, vil produksjonen bli redusert til 9,0 GWh.

3. Fylkesrådmannen si vurdering av søknaden

Fordelane ved tiltaket er først og fremst av økonomisk karakter og knytt til ein energiproduksjon på 9,9 GWh/år. Kraftverket vil bidra til lokalt og regionalt næringsgrunnlag og skatteinntekter. Planlagt investering i tiltaket er kr. 35 mill. Utbyggingsprisen blir 3,52 kr/kWh, som er ein middels pris. Ulempene vil vere knytt til skade og inngrep for m.a. landskap i samband med bygging av inntak og dam i elva, rørgate delvis i dagen og delvis nedgravd, anleggsveg opp til kote 405, kraftstasjon ved fylkesvegen med utløp i elva og redusert vassføring i Vikaelvi.

Vassforskrifta

Tiltaket bør ikkje svekke den økologiske statusen i vassførekomsten til dårlegare enn god. Dersom tilstanden vert vurdert til dårlegare enn god, må vilkåra i § 12 i vassforskrifta følgjast opp.

Landskap, friluftsliv og turisme.

Fylkeskommunen har utarbeidd Regional plan med tema knytt til vasskraftutbygging (fylkestinget des. 2012). I delområdet Luster og Årdal er det markert 31 fossar/stryk som er viktige landskapselement. Vikalevi er mellom desse. I planen er det definert fjordlandskap langs fjordane og dei største innsjøane i fylket. Veitastrondsvatnet er markert som fjordlandskap. Fossar som viktige landskapselement i fjordlandskap er gitt slik retningslinje i den regionale planen (prioritet 2):

Interesser av svært stor verdi. Føresetnader for positiv tilråding skal være at søknadsmaterialet kan dokumentere stor verdiskaping og/eller at verdien til aktuelle arealinteresser kan oppretthaldast etter utbygging.

12.05.2005: 100 l/s



100 l/s



100 l/s

Elva går i bratt terreng og over fleire svaberg er elva er godt synleg frå fylkesvegen og frå vatnet. Redusert vassføring vil bety at elva vil bli betydeleg redusert som landskapselement. Billedmaterialet som er lagt ved søknaden, tyder på at med minstevassføring rundt 100 liter/sek så vil elva vere bra synleg i landskapet. Det bratte terrenget vil gjere arbeidet med vassvegen i rør vanskeleg. I den nedre delen skal det byggast anleggsveg i slynger oppover dalsida. Sjølv om anleggsvegen skal dekkast til med jord når anlegget er ferdig, vil tiltaket bli godt synleg i den

bratte dalsida. Mellom kote 405 og kote 530 er det planlagt rør i dagen festa med betongelement. Terrenget er i dette området så bratt at arbeidet vil bli svært vanskeleg og tiltaket det vil bli godt synleg frå fylkesvegen og vatnet. Fylkesrådmannen meiner at vassvegen her må leggest i fjell. Rørgate i dagen kan ikkje akseptrast. Fylkesrådmannen meiner at arbeid og inngrep både lenger nede (1700 meter lang anleggsveg) og høgare oppe (nedgravd rørgate) vil bli så omfattande og vil innebere så store inngrep, at tunnelboring/sprenging bør vurderast for heile prosjektet.

Kulturminne frå nyare tid

Kulturlandskapet ved Ugulsvik, med Vikaelvi og fossestryka, er godt synlege og viktige kulturlandskapselement langs fylkesvegen til Veitastrond. Særleg det bratte partiet midt i traseen er lett synleg. Elvar, fossar og stryk utgjer ein vesentleg del av det heilskaplege landskapsbiletet, både for tilreisande og fastbuande. Med redusert vassføring i elva, vil det planlagde tiltaket føre til eit stort inngrep i landskapsbiletet, og i sterk grad kunne påverke dei opplevingsverdiane som er knytte til kulturlandskapet, slik vi ser det i dag.

Anleggsvegen opp til der rørgata er planlagt på betongfundament, vil ligge i svært bratt terreng. Med skjeringar og fyllingar vil vegen liggje eksponert til, og vert lett synleg frå vatnet. Rørgate-traseen vil krysse og gå langs stien opp til Ugledalen fram til elvekryssinga. I dette området finn vi spor etter gamle utmarks- og stølsvegar. Gamle ræser og vegar er også kulturminne og viktige element i landskapet. Deler av det gamle kulturlandskapet vil med ei slik rørgate- og vegframføring truleg få ubøteleg skade. Om det vert gitt konsesjon, må det leggest vekt på avbøtande tiltak i forhold til kulturminne frå nyare tid, etter år 1537. Dersom viktige og markerte kulturminne, vert direkte eller indirekte råka av planlagde tiltak, må tiltaka justerast på ein slik måte at dei kan takast vare på. Dette kan dreie seg om geiler, vegar, steingardar, bakkereinere og andre synelege spor etter tidlegare aktivitet, som kvernhus og kraftstasjonen frå 1944. Minstevassføringa må aukast for å redusere negativ verknad for elva som landskapselement.

Automatisk freda kulturminne.

Tiltakshavar si undersøkingsplikt, jf §§ 9 og 10 i Lov om kulturminne, er ikkje oppfylt. Det er såleis ikkje klart i kva grad kulturminne blir direkte eller indirekte råka av tiltaka i søknaden. Registreringa må gjerast på snø- og telefri mark og tiltakshavar er ansvarleg for å ta skriftleg kontakt med Kulturavdelinga i fylkeskommunen i god tid før registreringa skal gjennomførast. Det må bereknast tilstrekkeleg tid til å følgje opp arbeid, eventuelt etterfølgjande utgraving for utbyggingstiltak i området kan i verksetjast.

Sumverknader.

Frå før er det gitt konsesjon til fem småkraftverk rundt Veitastrondsvatnet. Saman med søknaden om bygging av Ugulsvik kraftverk ligg det no føre søknadar for tre andre prosjekt rundt vatnet. Landskapsrommet rundt vatnet er stort, og fylkesrådmannen vurderer at med opp til ni småkraftverk rundt vatnet så vil dette ikkje øydelegge hovudinstrykket med tanke på landskap og brukarinteresser. Fylkesrådmannen har i denne vurderinga lagt til grunn at Ugulsvik kraftverk vert bygt med minstevassføring 110 liter/sek, vassveg i fjell og ikkje nedgravd rørgate/rørgate i dagen.

Samla vurdering for Ugulsvik kraftverk

Fylkesrådmannen meiner at ulemper i forhold til landskap og brukarinteresser ved det planlagde tiltaket tilseier at det må gjerast endringar om det skal gjevast konsesjon. Minstevassføringa om sommaren må aukast frå alminneleg lågvassføring 25 l/sek til 5-persentilen på 110 liter/sek og vassvegen må leggest i fjell i staden for nedgravd rørgate og delvis rørgate i dagen. Med vassvegen i fjell vert det lagt til grunn at anlegget skal byggast veglaust.

4. Konklusjon/tilråding

Fylkesrådmannen gjer framlegg om å tilrå konsesjon for Ugulsvik kraftverk, men på visse vilkår. Av omsyn til landskap og brukarinteresser skal minstevassføringa aukast til 110 liter/sek om sommaren og vassvegen skal byggast som fjellanlegg. Anlegget skal byggast veglaust.